
Saksnr: 2020/76256-1
Saksbehandlar: Jorunn-Elisabeth Stavø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Endring i takstopplegg i Kvinnheradpakken

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Vestland sluttar seg til framlegget om å nytte kronepåslag på ferjebilletten som takstopplegg i Kvinnheradpakken, føresett eit likelydande lokalpolitisk vedtak i Kvinnherad kommune.

Samandrag

Vestland fylkeskommune oversendte utkast til stortingsproposisjon med fagleg grunnlag for revisjon av Kvinnheradpakken til kvalitetssikring hos Vegdirektoratet i juni 2020. Det var her lagt til grunn eit takstopplegg med påslag med 6 takstsoner på ferjebilletten. Vegdirektoratet si tilbakemelding var at det i staden bør nyttast kronepåslag etter AutoPASS-regulativets rammer då dette vil gje lågare grunntakstar i prosjektet, og ein unngår at endringar i ferjetakstane påverkar bompengepåslaget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune oversendte utkast til stortingsproposisjon med fagleg grunnlag for revisjon av Kvinnheradpakken til kvalitetssikring til Vegdirektoratet i juni 2020. I proposisjonsforslaget var det lagt til grunn to ulike forslag til takstopplegg med 15 års nedbetalingstid og ein gjennomsnittleg inntekt per passering på 34 2020-kr.

Etter tilbakemelding frå Vegdirektoratet er Vestland fylkeskommune blitt bedt om å vurdere andre takstopplegg ein dei to som var lagt til grunn i proposisjonsforslaget.

Det er krav om ny lokalpolitisk handsaming av nytt takstopplegg før bompengesøknaden vert sendt til Samferdselsdepartementet.

Vedtakskompetanse

Det følgjer av reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7 at fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker som ikkje er lagt til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Fylkeskommunen har motteke anbefaling frå Vegdirektoratet om takstopplegg for bompengerevkjring i Kvinnheradpakken. Anbefalinga er ikkje lik dei to modellane som fylkeskommunen i utgangspunktet la til grunn. Fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå at saka er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd. Fylkesrådmannen vil særskild framheve at gjennomsnittstaksten i bompengepakka vert uendra òg med val av kronepåsleg som bompengetakst på ferje.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen direkte verknad. Gjennomsnittstaksten i bompengepakken er uendra.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

I alternativ 1 var det lagt til grunn eit takstopplegg med eit sonetillegg på ferjebiljetten etter AutoPASS-regulativet. Det var berekna eit påslag på ferjebiljetten med 6 takstsoner, og at alle med ferjekort ville oppnå 50 pst. rabatt på bompengepåslaget. Basis bompengetakst i dette alternativet var kr 57 kr utan rabatt og 27,50 kr med rabatt for personbilar. For tunge køyretøy var basis bompengetillegg 124-225 kr avhengig av lengde.

I alternativ 2 var takstane anslått etter dei same prinsippa som bompengerevkjring på land, med to takstgrupper inndelt etter vekt. Det var føresett likt bompengepåslag på alle tre ferjestrekningane. Takstgruppe 1 omfatta køyretøy til og med 3500 kg samt personbilar i køyretøykategori M1. Takstgruppe 2 omfatta køyretøy frå 3501 kg med unntak av personbilar i køyretøykategori M1. Det var lagt til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skulle betale to gonger taksten for køyretøy i takstgruppe 1. Køyretøy i takstgruppe 1 fekk 20 pst. rabatt, medan køyretøy i takstgruppe 2 ikkje fekk rabatt. Vidare var det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 fekk betale halvparten av ordinær takst etter brikkerabatt, medan nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 ikkje skulle betale bompengar, jf. Prop. 87 (2017-2018)/Innst. 380 S (2017-2018). Bompengepåslaget var satt til 37 kr for takstgruppe 1 og 74 kroner for takstgruppe 2.

Vegdirektoratet si vurdering av trafikk- og finansieringsføresetnadane i proposisjonsforslaget viser at det ikkje er ønskeleg å nytte sonetillegg på ferjebiljetten som førespeglar i alternativ 1. Dette er grunngeve ved at ein ønskjer at bompengerevkjringa på ferje skal vere mest mogleg lik som på land. Vidare er alternativ 2, som deler inn i to takstgrupper etter vektklasse, ikkje teknisk mogleg å gjennomføre.

Vegdirektoratet anbefalar eit takstopplegg i Kvinnheradpakken som nyttar kronepåsleg per lengdegruppe i staden for sonetillegg, for å unngå at endringar i ferjetakstane påverkar bompengepåslaget, samt at dette vil gje lågare grunntakstar i prosjektet.

Det er undersøkt om det er mogleg med andre rabattavtalar på bompengepåslaget tilsvarande som på land. Føringane frå Vegdirektoratet er at det ikkje skal nyttast 50 pst. rabatt på

bompengepåslaget på ferjebilletten ved bruk av ferjekort eller AutoPASS for ferje. Det er heller ikkje teknisk mogleg p.t. å nytte 20 pst. brikkerabatt, passeringstak per måned eller timesregel slik som i bompengeinnkrevjinga på land.

Det er i dag berre Fosenpakka i Trøndelag som nyttar kronepåslag som bompengetakst på ferje. Her er kronepåslaget berekna etter tre lengdegrupper. I berekninga av kronepåslag for Kvinnheradpakken er det nytta same berekningsmodell som Fosenpakka.

Det er lagt til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 (6 meter - 12,5 meter) skal betale to gonger taksten for køyretøy i takstgruppe 1 (mindre enn 6 meter), og takstgruppe 3 (over 12,5 meter) skal betale tre gonger taksten for køyretøy i takstgruppe 1.

For å oppnå ein gjennomsnittleg inntekt per passering på kr 34, har vi rekna oss fram til følgande bompengetakstar:

<i>Køyretøy</i>	<i>Bompengetakst (2020-kr)</i>
Elbil	16 kr
AP1 < 6 m	31 kr
AP2-AP4; 6 m-12,5 m	62 kr
AP5-AP9; > 12,5 m	93 kr

Ved å nytte kronepåslag som bompengetakst på ferjebilletten vil grunntaksten for personbilar under 6 meter vere 31 2020-kr. Til samanlikning var den ved eit sonepåslag 57 2020-kr. Kronepåslaget vil jamt over gje lågare takstar for trafikantane enn det tidlegare føreslegne sonepåslaget.

Denne saka vert behandla politisk i Kvinnherad kommune, samstundes som den vert behandla av Fylkesutvalet i Vestland. Det er ønskjeleg å sende inn endeleg søknad til Samferdselsdepartementet kort tid etter lokalpolitisk behandling.

Konklusjon

Grunna tilbakemeldinga frå Vegdirektoratet vurderer fylkesrådmannen at ein nyttar kronepåslag som taksopplegg for bompengeinnkrevjinga i Kvinnheradpakken, med atterhald om eit likelydande lokalpolitisk vedtak i Kvinnherad kommune.